

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Nordahl Grieg videregående skole

Tal elevar skuleåret 2015/16: 826

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

| | |
|---------|-------|
| 2014/15 | 88,5% |
| 2015/16 | 89,3% |

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

| | | Andel stryk | Andel IV |
|------------|---------|-------------|----------|
| Termin 1 | 2014/15 | 8,65% | 5,93% |
| | 2015/16 | 6,37% | 9,74% |
| Standpunkt | 2014/15 | 3,88% | 3,01% |
| | 2015/16 | 4,14% | 5,6% |
| Eksamen | 2014/15 | 5,48% | |
| | 2015/16 | 3,65 | |

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

| | | |
|---------|-------|-------|
| 2014/15 | timar | 24,57 |
| | dagar | 10,21 |
| 2015/16 | timar | 27,96 |
| | dagar | 9,45 |

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

| | |
|---------|-----------|
| 2014/15 | 21 (2.4%) |
| 2015/16 | 17 (2%) |

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Tala er gode og stabile

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

I år vil vi særskilt trekka fram det nyetablerte teamet «Dristige hjerter», som består av miljøarbeidarar og lærarar som har vore ute i skulemiljøet for å fanga opp dei som treng litt ekstra støtte. Tiltaket har vore ein suksess, og vil fortsetja arbeidet neste år, under leiing av elevinspektøren. I tillegg held vi fram arbeidet med å kartlegga elevar i faresona for å få for høgt fråvere.

Saman med Bergen kommune/skulehelsetenesta er vi også med i prosjektet Innenfor – som handlar om å få ned fråveret i kroppsøving.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Vi har svært få sluttarar.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi har hatt tiltaksplan for folkehelse og livsmestring i år, der Dristige hjerter var eitt av tiltaka. Vi har også auka ressursen til helsesøster og vi har skolepsykolog, i tillegg til alt det andre arbeidet med å gi våre elevar ei utdanning som kjennest viktig og relevant. Vi held fram arbeidet med dette feltet.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**2.1 Vurdering for læring**

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

I år har vi hatt to mål i utviklingsplanen for vurdering for læring, begge knytta til eigenvurdering, der vi har skåra lågt i elevundersøkinga. Vi har klart å gå frå raudt til gult på eigenvurderinga i undersøkinga i år, og det var også målet.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Vi kan framleis bli betre innan eigenvurdering, og målet på lang sikt må vera å få «grøne»

tal på dette.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

På dette feltet er vi framleis leiande i Norge, og det gode utviklingsarbeidet held fram. I år har vi hatt to mål i utviklingsplanen, det eine går på å få til meir spreing i kollegiet når det gjeld bruk av spel, og det har vi klart i stor grad. Over 40 lærarar har til no prøvd spel i undervisninga.

Det andre går på å drive internasjonalt samarbeid ved hjelp av sosiale media, og det har vi også kome godt i gang med.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Vi ynskjer oss at enda fleire lærarar skal ta i bruk spel. Elles er kanskje utfordringa til neste år å ta godt vare på alle nye lærarar og elevar som kjem frå ein annan skulekultur, også på dette feltet.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Feltet elevmedverknad og elevdemokrati har vi jobba særskilt med i år. Målet var å gå frå raudt til gult i elevundersøkinga, og det har vi klart.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Vi skal jobba vidare med dette, målet må vera å scora endå høgare i elevundersøkinga.

3 A Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Vi har hatt ein tiltaksplan kalla «Det flerkulturelle samfunnet».

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Hovudmålet har vore: «Elevene skal lære seg å se mulighetene det flerkulturelle samfunnet gir».

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

I løpet av året har elevane våre vore involvert i mange ulike internasjonale prosjekt, og leiinga har vore involvert i å få i stand og følgje opp fleire av samarbeida. Vi har også støtta elevrådet i deira gode arbeid med innsamling til Røde Kors sitt arbeid for flyktningar, og julegåver til asylmottaket på Landås.

I tillegg har leiinga i samarbeid med organisasjonane og lærarar laga ein ny plan for internasjonalt arbeid, for å få ei sams forståing i organisasjonen av dette arbeidet.

Mellom anna kan sosiale media kan vera ein god arena for kontaktar internasjonalt.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Den internasjonale aktiviteten aukar stadig. Vi har også fått i gang arbeidet med eit fleirkulturelt Norge, men her kan vi koma sterkare tilbake neste skuleår.

Når det gjeld effekten av den nye planen for internasjonalt arbeid, så tenkjer vi at det er for tidleg å seia noko om det.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Ja, her vil vi auke innsatsen neste år.

3 B Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Prosjekt Ny Sykehuskole er ein omfattande omstillingsprosess som grip inn i alle delar av avdelinga si drift.

Det omfattar både fysisk skulebygg og pedagogisk /personalmessig organisering til ein ny skule/arbeidssituasjon.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Nordahl Grieg vgs. har valgt dette tiltaket fordi Helse Bergen byggjer nytt barne- og

ungdomssjukehus på Haukeland. Avdeling Sykehuskolen får nytt skolebygg, og vil i den samanheng legge opp til prosjektorganisering for vidare framdrift i prosessen med innflytting og drift. Vi vil sikre medverknad for tilsette der det framleis er rom for det.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

I tida 2014-2016 har Rådgjevande prosjektgruppe hatt 14 møter. Hovedtrekka i gruppa sitt arbeid handlar om organisatorisk utvikling, samhandling med eksterne og pedagogisk utvikling. Dei to fyrste områda har teke stor plass, medan den pedagogiske utviklinga må ha fokus i tida som kjem.

Gruppa har hatt ein representant frå kvar skulestad, i tillegg til omstillingstillitsvald, assisterande rektor, avdelingsleiar og fagleiar. Gruppa har planlagt tiltak for undergrupper/arbeidsgrupper som har levert sine innspel om viktige tema tilbake til Rådgjevande prosjektgruppe. På denne måten har vi mellom anna kome fram til ein pedagogisk profil som er grunnvollen for vidare utvikling av grunnlagsdokument og det pedagogiske arbeidet som skal skje i den nye Sykehuskolen.

Gjennom prosjektgruppa har personale fått informasjon om gjennomførte og planlagde samrådsmøter med Helse Bergen for å oppnå best muleg kvalitet i framtidig skule.

Leiinga er deltakarar i mange samarbeidsgrupper som representerer ulike områder innan Helse Bergen. Avdelingsmøter har i tillegg til digitale plattformer, vore gode delingsarena/informasjonskanalar.

Det vert arbeidd med å få etablert ein overordna samarbeidsavtale mellom HFK og Helse Bergen som for ettertida vil vere styrande for samarbeid mellom organisasjonane på grunnplanet.

Eige omstillingsutvalg har hatt hand om personalsituasjonen og at det er samsvar mellom fag- og timefordeling og rett kompetanse. Dette er styrt av skuleleiinga i samsvar med gjeldande retningslinjer for prosessen.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Eit mål med tiltaket er at tre mindre avdelingar i avd Sykehuskolen skal samlast til ein heilskapleg organisasjon/avdeling. Vi meiner at tilsette har vore i refleksjon og prosess, særleg dei to siste åra, for å kunne bli klare for den endringa flytting til ein samla skulestad vil medføre i desember 2016.

Det er ikkje så lett å vurdere endra praksis før skulen er flytta, men vi opplever at tydelege rammer for komande endringar i ny skule ser ut til å skape eit tryggare miljø og større forståing for det som skal kome.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Skulen planlegg å fylgje opp tiltaket også skuleåret 2016/2017, men vil då endre fokus frå prosjekt til tiltak innan drift for områda samarbeid med andre og organisatorisk utvikling. Pedagogisk utvikling skal ha størst plass i det vidare arbeidet.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Leiargruppa arbeider stadig med status for utviklingsarbeid på skulen.

Vi brukar fellesmøtetid og arbeid i fagmøter til å drøfta viktige sider ved utviklingsarbeidet på skulen, som vurdering, fleirfagleg arbeid og andre utviklingsprosjekt som er initiert av lærarar.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Gjennom regelmessige medbestemmelsesmøte

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Gjennom å leie for utvikling, seia ja til gode initiativ som er forankra i læringssyn og visjon, knyte utviklingsarbeid til medarbeidersamtalen, jobbe for ein kultur for endring og utvikling, og eit miljø der det er lov å prøva og feila.

Vi har også eit godt system for møter på alle nivå, slik at alle er engasjert i utviklingsarbeid.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Leiinga har regelmessige møter med elevrådet. Elevrådet kjenner visjon og satsingsområde godt, og spreier det i elevgruppa.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Tid til samarbeid, sørge for at alle føler eigarskap til ulike prosjekt.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Vi vil halda fram med systema vi har for forankring, sjå over. Neste år vil vi jobba vidare med satsingsområda våre, med særskilt vekt på fleirfagleg arbeid for å oppnå større djupnelæring. Arbeidet med ein berekraftig skule og det fleirkulturelle samfunnet held også fram.